



Petter Aarli
Flaktveitveien 707
5134 FLAKTVEIT

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/3244 - 19/23125

Saksbehandlar:
Tone Margrethe Berland Furustøl
tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:
02.08.2019

Avslag på klage/søknad om fråfall/reduksjon av gebyr - gbnr 81/49 Risøy

Administrativt vedtak. Saknr. 442/19

Saksutgreiing:

Saka gjeld klage/søknad om fråfall/reduksjon av gebyr i samband med søknad om endring av gitt løyve til oppføring av naust, jf. klage/søknad mottatt 02.05.2019.

Det var i e-post, datert 21.03.2019, frå Byggesaksvakten i Lindås kommune stadfesta at ønska endring var eit søknadspliktig tiltak. Søknad om endring av gitt løyve (endringssøknad) var sendt inn og registrert hos kommunen same dag.

Det vart gjeve endringsløyve for endring av fasaden på nauset i vedtak den 24.04.2019 i sak 18/3244. Endringa gjaldt innsetting av dobbelt dør mot vest istadenfor dør på vegg mot sør. I samsvar med Lindås kommune sin gebyrforskrift for 2019 var det sendt ut gebyr på kr 4.900,-for endringsløyvet. Gebyret for endringssøknaden går fram av punkt 10.3.4 i gebyrforskrifta:

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltning vert det følgjande gebyr i saka:

| Søknadspliktige tiltak | | Gebyr | | |
|------------------------|--|-------|------|--------------------|
| Kode | Skildring | Tal | Sats | Sum |
| 10.3.4 | Tiltak som tiltakshavar sjølv kan søkja om, delt sakshandsaming, endringar i løyve | 1 | 4900 | 4900 |
| | | | | |
| | | | | |
| | | | | |
| | | | | |
| | Totalt gebyr å betala: | | | Kr. 4.900,- |



Det vart gjeve løyve til oppføring av naust i vedtak den 08.11.2018 i sak 18/3244. I samsvar med Lindås kommune sin gebyrforskrift for 2018 var det sendt ut gebyr på kr 7.000,- for løyve til oppføring av naust. Gebyret for oppføring av naustet går fram av punkt 10.3.1 i gebyrforskrifta:

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltning vert det følgjande gebyr i saka:

| Søknadspliktige tiltak | | Gebyr | | |
|------------------------|---|-------|------|--------------------|
| Kode | Skildring | Tal | Sats | Sum |
| 10.3.1 | Tiltak som tiltakshavar sjølv kan søkja om, naust <70m ² | 1 | 7000 | 7000 |
| | | | | |
| | | | | |
| | | | | |
| | | | | |
| | Totalt gebyr å betala: | | | Kr. 7.000,- |

I søknad om fråfall/reduert gebyr står det:

Jeg har søkt om å få bygge naust på Risøy og fått dette godkjent. Jeg bygger likt de andre naustene i nausterekken bare litt større. I ettertid har jeg fått høre av de andre nausteeierne at de synes døren bak er i minste laget. Jeg fant derfor ut at jeg skulle prøve å montere inn en større dør.

Jeg ringte byggesaksvakten i Lindås kommune (mener det var 21 mars) og spurte om det var greit at jeg monterte inn en større dør enn det som jeg opprinnelig hadde søkt om. Ønsket også å flytte døren til vestveggen siden dette da ble mer logisk. Jeg fikk der til svar om at dette kun var en liten endring og at det var bare var å utføre dette så kunne det rettes som en "as built" i etter tid. Hun jeg snakket med rådførte seg også med kollegaen sin ved siden av, jeg hørte på telefonen at de begge var enige om at dette var ok. Jeg spurte om jeg skulle sende en mail på dette slik at jeg hadde noe å referere til. Det kunne jeg bare gjøre sa de.

Jeg fikk svar tilbake at nå var endringen min vurdert som søknadspliktig og ville bli sendt videre.

26. april fikk jeg melding om efaktura på 4900 kr fra Lindås Kommune-Teknisk (ref 1_1236697830)

Har også fått bekreftelse på endring av løyve - gbnr 81/49 Risøy.
Saknr "18/3244"

Det jeg klager på her er at denne forespørselen min har utviklet seg til noe som jeg nå blir belastet for med 4900 kr uten å ha blitt informert om dette på forhånd.

Jeg fikk ikke noe info eller inntrykk av at dette ville jeg bli belastet for da jeg snakket med byggesaksvakten.

Jeg fikk heller ikke noe info om dette i mailen til meg der jeg ble informert om at endringen var vurdert som søknadspliktig.

Sett i forhold til hva hele naustesøknaden kostet så er denne lille endringen dyr.

Hadde jeg visst at dette ble så dyrt så hadde jeg sikkert ikke gått videre med dette.

Med tanke på at jeg her blir belastet med 4900 kr uten at jeg er blitt informert om prisen på forhånd så håper jeg dere kan frafalle eller redusere kravet.

Vurdering:

Gebyret som er gjeve i saka om endring av fasade på naustet er gjeve med heimel i gebyr- og betalingsattsane som gjeld for Lindås kommune i 2019. Gebyrforskrifta er vedtatt av kommunestyret for Lindås kommune, jf. plan- og bygningslova (pbl.) §33-1.

Gebyrforskrifta 2019 har inga føresegn som opnar opp for fråfall av gebyr. Kravet om fråfall av gebyr kan ikkje handsamast og vert avvist.

Gebyrforskrifta 2019 opnar opp for reduksjon av gebyr på nærare vilkår. Klage/søknad om reduksjon av gebyr kan handsamast.

I gebyrforskrifta punkt 4.9 står det:

«Når særlege grunnar ligg føre kan det søkjast om redusert gebyr. Søknad om redusert gebyr skal være grunngeven. Personlege og/eller sosiale tilhøve vert ikkje rekna som særleg grunn. Når kommunen sitt arbeid med ein sak avviker vesentleg frå gjennomsnittleg sakshandsamingstid for sakstypen kan kommunen av eige initiativ redusere gebyret. Fastsetting av redusert gebyret skal skje ved enkeltvedtak.»

Ordlyden særlege grunnar tilseier at det må liggja føre grunnar som gjer seg særskilt gjeldande i denne saka og at det ikkje er grunnar som normalt kan leggast til grunn i tilsvarande saker.

Det har ikkje vore knytt rettsleg eller faktisk tvil til å fastslå kva gebyr som skal betalast i saka og det er ikkje utøvd skjønsmessige vurderingar i samband med gebyrfastsetjinga. Gebyrregulativet er vedtatt med bakgrunn i gjennomsnittlege kostnader knytt til den enkelte sakstype. Kommunen kan ikkje sjå at grunngevinga i søknaden gjev grunnlag for redusert gebyr. Det er ingen spesielle forhold i denne saka som skil den frå andre saker der det vert søkt om fasadeendring. Det vil undergrava gebyrregulativet dersom gebyr vert redusert i einskildsaker der grunngevinga for reduksjonen også vil kunne gjera seg gjeldande i andre saker.

Det at søkjar ikkje har hatt kjennskap til at det det påløper gebyr for endringssøknad og heller ikkje har fått informasjon om dette ved innsending av endringssøknaden er beklageleg, men vil ikkje endra kommunen si vurdering av søknaden. Ved søknad utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-4, jf. byggesaksforskrifta (SAK) §3-2, har søkjar eit sjølvstendig ansvar for å innhente informasjon og utføre tiltaket i samsvar med plan- og bygningslova sine føresegner og forskrifter mv. Å ha kjennskap til og innhente informasjon om gebyrforskrifta til kommunen er difor ein del av søkjar sitt ansvar. Prisar for sakshandsaming for søknadspåpliktige tiltak, slik som fasadeendring, ligg og tilgjengeleg på kommunen si nettside. Søkjar er i tillegg nyleg fakturert for søknad om oppføring av naustet den 14.11.2018. Dette gjer søkjar særleg merksam på at innsending av søknad til kommunen, herunder endringssøknad, er ein gebyrbelagt teneste.

På bakgrunn av dette kan vi ikkje sjå at det er lagt fram grunnar som tilseier at gebyret bør reduserast i denne saka.

VEDTAK:

Gebyrforskrifta 2019 har inga føresegn som opnar opp for fråfall av gebyr. Kravet om fråfall av gebyr kan ikkje handsamast og vert avvist.

Det ligg ikkje føre særlege grunnar for å redusere gebyret, jf. i Lindås kommune si gebyrforskrift punkt 4.9. Søknad om reduksjon av gebyret vert avslått.

Grunngjeving går fram av saksutgreiinga.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 442/19

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Tone Margrethe Berland Furustøl
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Petter Aarli

Flaktveitveien 707 5134

FLAKTVEIT

Mottakarar:

Petter Aarli

Flaktveitveien 707 5134

FLAKTVEIT